



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 14.04.2016
Møtetid: kl. 17:30
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Tora Skjerkholt Aarnes, Anne Marie Etholm, Johannes Sand, Målfrid Nygård Laskemoen, Lars Roe, Geir Valle, Anne-Inger Lunner, Gunlaug Sørgaard Fjellstad, Lillil Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Alf Rose Sørgaarden.

Meldt forfall:

Rune Nilsen.

Saker

Sak 013/16 Revisorberetning

Revisor er no ferdig med sin gjennomgang av soknerådet sitt rekneskap for 2015. Vedlagt følgjer meldinga frå revisor.

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek revisjonsmeldinga til etterretning.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet tek revisjonsmeldinga til etterretning.

Sak 014/16 Økonomirapport 1. kvartal 2016

Budsjettkontrollen (vedlagt) viser at vi i 1. kvartal 2016 ligg på budsjett.

Forslag til vedtak:

Soknerådet det økonomirapporten til etterretning

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet det økonomirapporten til etterretning



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sak 015/16 Tilstandsanalyse Sauherad kirke

Murverket i Sauherad kyrkje har nokre synlege skader som har uroa fleire av oss dei siste åra. For ukyndige «lekfolk» er det vanskeleg å vurdere om skadane er så alvorlege som dei ser ut, kva som er årsaken og kva som kan gjerast for å utbetre skadane.

Vi har difor fått utarbeidd ein rapport frå murmester Espen Marthinsen. Han er spesialist på gamla kulturminner. Han er mykje bruka av Riksantikvaren, og har nå byrja å jobbe i Forsvarsbygg.

Den vedlagte rapporten han har kome er veldig fersk, og kyrkjeverja har difor ikkje hatt høve til å gå inn i den. Men rapporten er relativt omfattande, og den gir detaljert skildring av skader og utbetningsforslag. Rapporten er delt i fire; ein generell del og så delrapportar for grunnarbeid, malerarbeid og murarbeid.

Kyrkjeverja bør saman med driftsutvalet (DU) gå grundigare inn i denne rapporten for å vurdere korleis ein skal gå vidare. Men det er ingen tvil om at det her må skaffast både pengar og kvalifisert arbeidskraft for å utbetre dei skadene som er avdekka og beskrive.

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek rapporten til etterretning

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet tek rapporten til etterretning og ber DU jobbe vidare med oppfølging av den.

Sak 016/16 Kalkmalaria i Ns kyrkje - status

Som soknerådet er kjent med så har vi i vel eitt år jobba med å få gjort ei grundigare vurdering av tilstanden til kalkmalaria i Nes kyrkje. Denne vurderinga skal også seie noko om korleis ein kan ta vare på og konservere desse.

Vi har hatt denne jobben ute på anbod, og anbudsvinnaren var *Nordisk Konservering* frå Danmark..

Riksantikvaren har gitt tilsagn om eit tilskott på kr 350.000 kr, men det er ikkje nok til å dekke heile kostnaden.

Vi har søkt om økonomisk støtte frå Sparebankstiftelsen i Telemark, og hadde seinast kontakt med direktøren for nokre få dagar sidan. Vi har korkje fått ja eller nei på denne søknaden, og yrkjeverja har enno von om at vi kan få eit positivt svar.

Men for at prosessen ikkje skal stoppe heilt opp må det også jobbast med ein alternativ finansiering. Det manglar 96.000 kr på å fullfinansiere del 1 av prosjektet (i koret). Kyrkjeverje meiner at vi kan frigjere denne summen innanfor eige budsjett på flg. måte:

- kr 46.000 overførast frå lønsbudsjettet til vedlikehald kyrkjer
- kr 50.000 som var sett av til vedlikehald av skader på muren bak alteret i Sauherad, flyttast til Nes kyrkje.

Konserveringsfirmaet har planlagt å gjennomføre hovuddelen av jobben i juni i år, og det må difor forventast at dei snart må ha eit klarsignal på om dei kan gjere jobben som planlagt.

Forslag til vedtak:



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sokneråd tek saka til orientering, og ber kyrkjeverja legge fram ei sak for DU om finansiering.

Møtebehandling:

Vedtak:

Sokneråd går inn for å prioritere kalkmaleria i koret, og forventar ekstern finansiering av dette arbeidet. Viss ikkje må saka opp i DU (driftsutvalet).

Sak 017/16 Informasjonsskilt ved kyrkjene

Vi lever i «informasjonssamfunnet», og tilgang til/etterspurnad etter informasjon synast umetteleg. Dei to flotte kyrkjene i Sauherad er dei fremste kulturminna vi har i kommunen, men det er ingen informasjon å få til dei som kjem og ser kyrkjene frå utsida.

Kyrkjene er også stengt om sommaren, med mindre nokon har tinga omvisning. Inni kyrkjene har vi ei brosjyre som seier litt om kyrkja.

Sauherad Historielag har no starta eit prosjekt med å setje opp informasjonsskilt på historiske stader i kommunen. Det dreier seg i denne omgang om Hørteværket, Evju, Gamlegata på Gvarv, den gamle kyrkjegarden *Bloms Løkke* og altså begge kyrkjene.

Kyrkjeverja meiner at vi bør vere med på dette prosjektet. Det er på tide å få sett opp informasjonstavler ved kyrkjene våre, og det er positivt at desse skilta kan ha same utforming som dei som blir plassert andre stader i kommunen. Det vil ta seg bra ut her i Sauherad.

Historielaget har påtatt seg å kome med litt meir utfyllande saksopplysningar før saka skal opp i soknerådet., deriblant kva dette vil koste. Prisen pr skilt er kostnadsrekna til om lag 11.500 kr pr skilt.

Sauherad Historielag har løyva 10.000 kr til oppsetting av skilt ved Bloms Løkke. Det betyr at det må skaffast pengar til skilt ved dei to kyrkjene. Kyrkjeverja meiner at vi må kunne søke kommunen om noko pengar, sidan kommunen også bør ha sin logo på desse skilta – saman med soknerådet. Det resterande må vikuinne bruke av fondsmidlar..

Det er ein føresetnad at Riksantikvaren godkjenner utforming og plassering av desse skilta.

Forslag til vedtak:

Soknerådet stiller seg positive til å delta i skiltprosjektet.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet sender saka over til driftsutvalet (DU).

Sak 018/16 17. maigudsteneste i Nes kyrkje

I Sauherad og Nes er det lang tradisjon for å feire gudsteneste på nasjonaldagen.. I jubileumsprogrammet for 17. mai i 1914 står det at gudstenesta i Sauherad kyrkje var kl «10 formiddag» og i Nes var den kl 2.30 ettermiddag».



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

I ein periode fram til tidleg på 1970-talet var det gudsteneste i berre i éi av kyrkjene, slik at det ennankvart år var i Nes og Sauherad. Da kyrkjelyden fekk ein soknediakon midt på 70-talet blei det igjen 17. mai gudsteneste i begge kyrkjene. Men etter kvart det så få fram møte i Sauherad at ein gjekk over til berre å halde gudsteneste i Nes.

I Nes har feiringa gjennom mange starta med gudsteneste kl 10, og så har toget gått frå skulen på Gvarv til Sagavoll, sånn i 11-1130-tida.

2014 var fyrste 17. maifeiring med berre éin offentleg skule i kommunen. Sidan det også var 200-årsjubileum for grunnlova, blei opplegget lagt om slik at toget starta og slutta på Sauherad barne- og ungdomsskule. Etter tale og kulturprogram på Gvarv stadion/Gvarv samfunnshus haldt feiringa fram i ulike grendelag. Mange av desse startar kl 13, men på Klevar er det seinare på dagen.

Gudstenesta dette året (og i 2015) blei difor framskunda til kl 9.

I staben var vi litt spente på om det ville kome mange færre når vi starta ein time tidlegare. Men talet dei to siste åra har ligge på vel omtrent det same som i 2013, med vel 60-frammøtte.

No har vi altså fått forespurnad om å starte gudstenesta kl **0830**, av omsyn til grendelaga sine arrangement. Dei tilsette er usikre på korleis ei ytterlegare framskynding vil bli motteke. Vil det bli for tidleg slik at mange no heller vil bruke litt meir tid heime med familiefrukosten og møte rett til toget på Gvarv? Eller vil det passe enda betre ved at ein tek ein enda tidlegare frukost, heiser flagget kl 0800 og så reiser til kyrkja?

Men det er også eit spørsmål kvifor desse grendearrangementa må starte kl 13. Kan dei ikkje heller starte kl 14 -det er da enda mykje att av dagen?

Eit alternativ til å ha gudstenesta enda tidlegare, er å ha den på tidleg ettermiddag (som i 1914) eller på kvelden?

Det er imidlertid ein fin måte å starte dagen på, med ein gudsteneste. På den måten vil også kyrkja vere med og definere dagen litt tydelegare enn om det skal bli eit ettermiddags-/kveldsarrangement i konkurranse med andre samankomster.

Kyrkjeverja er skeptisk til å starte gudstenesta så tidleg som kl 0830, med den grunngevinga at grendelaga startar med sinne arr kl 13. Det er grunn til tru at dei også har gjort det dei to siste åra, men vi har ikkje sett nokon evaluering av korleis «nyordninga» sidan 2014 fungerer.

Forslag til vedtak:

Soknerådet ynskjer at gudstenesta i Nes også i 2016 startar kl 0900.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet ynskjer at 17. maigudstenesta i Nes kyrkje skal byrje kl 0830 i 2016.

for Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen
kyrkjeverje